


PlanID 20010009 Vinje Kraftverk / Sandnes - varsel om oppstart av planarbeid

Planarbeidet for detaljreguleringsplanen i 2009/10 var eit samarbeid mellom Statkraft og Vinje kommune. Under arbeidet med planen såg ein føre at området som var avsett til steinbrot og massetak (BSM), kunne bli lagleg som næringsområde etter at ein var ferdig med uttaket. Kommunen la difor ned kommunalteknisk infrastruktur i vegggrøfta langs BSM. Av føresegnene går det fram at ein såg føre seg ein driftsperiode inn til 15 år.

Statkraft, som er grunneigar, ser seg ferdig med uttaket. Statkraft og Vinje kommune ser at det kan vere lagleg å leggje til rette for etablering av eit datasenter på det omtalte arealet. I samråd med Statkraft som grunneigar tek difor Vinje kommune initiativ til omregulering av området BSM til næringsformål. Plan- og miljøutvalet stilte seg i sak 19/2 positive til ei slik omregulering.

Med dette varslar ein oppstart av planarbeid i medhald av pbl § 12 – 8. Dersom det ikkje er vesentlege innvendingar, vil endringa bli vedteken i plan- og miljøutvalet som ei mindre endring i medhald av pbl § 12 – 14, 2. ledd.

Reguleringsendringa avgrensar seg til endring av føremålet i kartutsnittet under. Arealet blir uendra.



Spørsmål til omreguleringa kan rettast til rådmannen i Vinje på telefon 35 06 23 02 / 99 63 76 76, alternativt jan.myrekrok@vinje.kommune.no. Frist for innspel eller merknader er **1. mars 2019**.